

Til Språkrådet
Kongsvinger/Darmstadt 25. februar 2011

Fråsegn frå bladet Målmannen

Bladet Målmannen, som vert redigert på Aasen-mål, hev fylgt med i offentleg målpolitikk sidan 2002. Me meiner at innspeli frå Språkrådet dei siste åri, og den nye nemndi som hev teke fyre seg nynorsk rettskriving det siste året, ikkje kann segjast å ha ført til nokre gode framtidsutsikter for nynorsken. Å setja upp ei norm som utelet tradisjonsformer og former som hev vore mykje bruka i nynorsken anten dei er bokmålsnære eller konservative, er ikkje vegen å gå i dag. Det er fylgjbroti i rettskrivingi ein må koma burt frå, ikkje å laga ei heilt ny norm. Me meiner heile framgangsmåten er rangtenkt og vil taka dette opp med departementet saman med ei heilskapleg vurdering av arbeidet til Språkrådet både fyre og etter St.meld. nr. 35(2007-2008)Mål og meining.

Lars Bjarne Marøy, redaksjonell medarbeidar
Olav Torheim, bladstyrar